

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 18.10.2005
Sakshandsamar: Gunnar Hoff
Saka gjeld: **Godkjenning av instruks for kontrollkomité og internrevisjon**

Styresak 88/05 B

Styremøte 27.10. 2005

Bakgrunn

På bakgrunn av krav frå Helse- og omsorgsdepartementet gjorde styret i Helse Vest RHF i møte 27.05.05 vedtak om å etablera internrevisjon og oppretta kontrollkomité i Helse Vest. Kontrollkomiteen skal ha hovudfokus på styrets kontroll og tilsynsfunksjon. Intern revisjon er eit viktig ledd i styrets overvakingfunksjon som skal, uavhengig av administrasjonen, gjere systematiske risikovurderingar, kontrollar og undersøkje internkontrollen i helseføretaka for å vurdere om han verkar forsvarleg og føremålstenleg.

I protokoll frå styremøte 6. september sak 75/05 B Val av kontrollkomité og budsjett for internrevisjon i Helse Vest i 2005 går det fram av kommentarar til saka at:

”Styret ønskjer og framlagt ei prinsipiell sak, der det blir gjort greie for fullmaktsstruktur og organisatoriske forhold i høve til internrevisjon, kontrollkomité, Helse Vest sitt styre og administrerande direktør i Helse Vest.”

Kommentarar

I norsk anbefaling om Eierstyring og selskapsledelse (Corporate Governance)¹ går det fram i pkt.9 Styrets arbeid, at:

”Styret skal påse at selskapet har god intern kontroll i forhold til de bestemmelser som gjelder for virksomheten, herunder selskapets verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret bør vurdere bruk av styrekomiteer for å bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjelder finansiell rapportering og godtgjørelse til ledende ansatte. Slike komiteer bør bestå av styremedlemmer som er uavhengige av den daglige ledelsen.”

Anbefalinga om intern kontroll er ei presisering av styret sitt tilsynsansvar. I kommentarar til anbefalinga er det presisert at det i føretak med internrevisjon må vera etablert eit system for at styret kan få rapportar regelmessig og elles når det er trong for det.

Etter det norske lovverket har styret eit felles ansvar for dei vedtak som vert fatta. Det inneber mellom anna at dersom det vert nytta styrekomitear, må ein sjå på dei som saksførebuande,

¹ Endelig versjon pr 22.11.04 Utgitt av Aksjonærforeningen i Norge, Den norske Revisorforening, Eierforum, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Norske Finansanalytikeres Forening, Næringslivets Hovedorganisasjon, Norske Pensjonskassers Forening, Oslo Børs, Verdipapirfondenes Forening.

der dei endelege vedtaka vert fatta i styret. Vesentleg informasjon som vert kjent for styrekomiteen, bør også gjerast kjent for dei andre styremedlemmene.

Dei rammene som er lagt for kontrollkomiteen i Helse Vest synes å vera på line med den norske Corporate Governance anbefalinga og kommentarane til denne.

Som eit ledd i å klargjere rollar, ansvar og oppgåver er det utarbeidd instruks for kontrollkomiteen og internrevisjonen. Dei premissane / krava som er sett av eigar og som går fram av protokollen frå føretaksmøte 17. januar 2005, er innarbeidd i instruksane. Dette gjeld mellom anna organisering og føremål for kontrollkomiteen, og at internrevisjonen administrativt skal være underlagt administrerande direktør i Helse Vest RHF og kan rapportere direkte til styret for Helse Vest RHF.

Instruksane gjev rammer for kontrollkomiteen og internrevisjonens arbeid. For å gje styret eit betre grunnlag for å vurdere instruksane, organisatoriske forhold og fullmaktsstruktur knytt til dei nye funksjonane, har vi nedanfor utdjupa nokre tema knytt til ansvar, samhandling, rollar og arbeidsform.

Styreansvaret

Styreansvaret er personleg og den som får tildelt eit særleg ansvarsområde kan få eit skjerpa ansvar, og med eit tilsvarende redusert ansvar for dei andre styremedlemmene, dersom arbeidsdelinga i styret er forsvarleg. Ved vurdering av ansvar vert det einskilte styremedlem sin faktiske kunnskap tillagt vekt.

Kontrollkomiteen er ansvarleg overfor styret, og dersom kontrollkomiteen oppfyller si informasjonsplikt overfor dei andre styremedlemmene vil ordninga med kontrollkomité ikkje endra ansvarsforholda i styret.

Kontrollkomiteens arbeids- og møteform

All handsaming av saker i kontrollkomiteen skal skje i møter. Det vil vera naturleg å leggja møter i kontrollkomiteen i forkant av dei ordinære styremøta. Innkalling bør skje etter dei retningslinene som gjeld for styremøte.

Møta i kontrollutvalet er i utgangspunktet opne, på lik line med styremøta. Dersom saker skal / må haldast unna offentleggjering, skal det vera på bakgrunn av særskilt heimel i lov.

Det skal utarbeidast protokoll frå møta, men leiar i kontrollkomiteen vil i etterfølgjande styremøte gje munnleg informasjon om saker som er handsama i komiteen.

For å leggja til rette for god samhandling og tilgang til oppdatert og fullstendig informasjon, gjev instruksen for kontrollkomiteen møte- og talerett for alle styremedlemmer og administrerande direktør i Helse Vest RHF. Tilsvarende er det møte- og talerett for styreleiarar og administrerande direktørar i helseføretaka når saker under deira ansvarsområde blir handsama.

Rollar – styre og kontrollkomiteen

Etablering av kontrollkomité inneber at saker knytt til kontroll og tilsyn vil få ei grundigare handsaming. Dette betyr ikkje at saker som i dag vert handsama i styret skal overførast til kontrollkomiteen for handsaming der. Det samla styret har framleis eit ansvar å handsama kontroll og tilsynstema, men etablering av kontrollkomiteen legg til rette for ei breiare /

grundigare handsaming av slike saker. Det vil truleg også føra til at styret vil bli informert om og handsama fleire saker knytt til kontrollutvalet sitt ansvarsområde.

Rollefordelinga vil i praksis kunne bety at styret ved handsaming av saker som er førebudd av kontrollkomiteen vil ha tilgang til eit betre vedtaks- eller informasjonsgrunnlag. Det kan bidra til å gjera handsaminga i styret raskare og meir målretta.

Kontrollutvalet vil årleg utarbeida ein møte- og arbeidsplan som vil synleggjera grunnlaget for komiteen sine prioriteringar, planlagde aktivitetar, sakstypar og tidspunkt for handsaming. Møte- og arbeidsplanen vil bli lagt fram for styret til godkjenning og vil bli tilpassa styrets behov og dei erfaringar som vert gjort i styret og kontrollkomiteen.

Internrevisjonen – forholdet til styret og administrerende direktør

Internrevisjonen er administrativt underlagt administrerende direktør. Dette inneber at internrevisjonen må innretta seg etter gjeldande administrative rutinar og regelverk i Helse Vest RHF og at administrerende direktør, eller den han delegerer til, har administrative fullmakter i forhold til internrevisjonen.

Fagleg er internrevisjonen uavhengig av administrasjonen. Dette er regulert i instruksane ved at styret tilset revisjonssjef, godkjenner budsjett, fastset revisjonens årsplan og skal ha tilgang til internrevisjonen sine rapportar. I tillegg vil faglege spørsmål knytt til utøving av internrevisjonsfunksjonen bli kanalisert til kontrollkomiteen.

Når det gjeld den praktiske gjennomføringa av revisjonsarbeidet vil det vera nødvendig at internrevisjonen har tett dialog med administrerende direktør for å sikra at han har fullt oversyn over pågåande revisjonsaktivitetar. Som øvste administrative ansvarlege bør administrerende direktør godkjenne rutinar for samhandling, involvering og rapportering slik at lineansvarlege vert trekt inn i alle viktige fasar av revisjonsarbeidet (planlegging, faktainnsamling og kvalitetssikring).

Forslag til instruks for kontrollkomiteen og internrevisjonen følgjer som vedlegg til saka.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner instruksane for kontrollkomiteen og internrevisjonen.

Kontrollutvalet behandla saka i møte den 19.10.05 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Kontrollutvalet godkjenner instruksane for kontrollkomiteen og internrevisjonen med dei tillegg som kom fram i møte.”

Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner instruksane for kontrollkomiteen og internrevisjonen.

Vedlegg:

1. Utkast til instruks for kontrollkomiteen
2. Utkast til instruks for internrevisjonen